

Norconsult AS Avd Bergen
Postboks 1199 Sentrum
5811 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2539 - 22/48555

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
27.06.2022

Rammeløyve til oppføring av etablering av vannledning, med dispensasjon - gbnr 113/2 m fl Sjurset

Administrativt vedtak: **Saknr: 710/22**
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søker: Norconsult AS Avd Bergen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK

Det vert gjeve dispensasjon frå LNF og byggjegrense mot sjø og vassdrag for etablering av vassleidning på følgande vilkår:

1. Det skal tas særleg omsyn til jordbruksdrift der arbeidet går over dyrka mark.
2. Anleggssarbeidet bør skje utanom vekstsesongen for eng og beite.

Det vert gjeve rammeløyve for etablering av vassleidning på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 25.05.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

For tiltak i gyteområde:

2. Alt arbeid må gjennomførast på ein så skånsam måte som mogleg, slik at det omkringliggjande miljø i så liten grad som mogleg påverkast.
3. Tiltaket bør ikkje gjennomførast i gyteperioden til torsk som er januar til og med april.
Det bør nyttast siltgardin.

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:


1. Naudsynte samtykkjer frå grunneigarar.
2. Naudsynte samtykkjer frå eigar av høgspentleidninga.
3. Naudsynte tillatels etter veglova i førehald til tiltak i byggjegrense mot offentleg veg.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, § 21-4(3) 2. pkt. og § 20-1 jf. § 20-3, samt KDP. pkt. 5.19.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av ein ca. 1,9 km lang vassleidning som strekker seg frå Syslakvågen til Sjursetvatnet. Hensikten er å oppgradere industrivassforsyninga til Mongstad.



Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremåla LNF og byggjegrense mot sjø og vassdrag.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.03.2022 og supplert 03.06.2022, 10.06.2022 og 15.06.2022.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 17.03.2022 og frist for sakshandsaming er 16 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i KDP for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er definert som:

- LNF
- GP Gyteområde
- Bruk og vern av sjø m.m.

Omsynssona som tiltaket fell innanfor:

- Sikringssone H190
- Bandlegging etter andre lover H_740
- Omsynssone landbruk H510_0L5

Andre førehald:

- Byggjegrense mot sjø og vassdrag
- Byggjegrense mot offentleg veg

Ein mindre del av tiltaket ligg i uregulert område innanfor KP for Lindås med følgjande arealføremål og soner:

- LNF
- Omsynssone landbruk
- Gul støysone
- Raud støysone

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå:

- LNF
- Byggjegrense mot sjø og vassdrag

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Hensynet bak LNF-formålet er å bevare landbruksareal, naturområder og friluftsområder, samt unngå oppstykking av jordbruksareal. Disse områdene skal prioriteres i et langsiktig perspektiv, og oppstykking av jord og tap av kulturlandskap skal unngås.

Hensynet bak bestemmelsene byggegrense mot sjø og vassdrag er å sikre allmennhetens rett til fri ferdsel og friluftsliv ved kysten, jf. Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) s. 63. Forbudet legger opp til at det skal tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser ved spørsmål om tiltak i strandsonen langs sjøen og langs viktige vassdrag.

Hensynet blir ikke påvirket i nevneverdig grad da hele tiltaket skal graves ned og vil bli tilbakeført til original stand.

Sett hen til dette, vil etter vårt syn ikke en dispensasjon tilsidesette hensynene bak bestemmelsen det ønskes dispensasjon fra.

Fordelene ved en dispensasjon vil være at samfunnsviktig infrastruktur kan oppgraderes. Videre vil tiltaket gi industrianlegget på Mongstad en tryggere vannforsyning og brannvannskapasitet.

I lys av at tiltaket er et samfunnsnyttig og nødvendig tiltak, foreligger det etter vår vurdering en tilstrekkelig overvekt av hensyn som taler for dispensasjon.

Det bes om at det innvilges dispensasjon fra kommunedelplan for etablering av de omsøkte ledninger med tilhørende kummer. Vilkårene i plan- og bygningsloven § 19-2 er etter vårt syn oppfylt.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Fiskeridirektoratet den 30.05.2022:

Vi syner til brev frå Alver kommune, datert 11.05.22, med vedlagt søknad frå Norconsult AS om etablering av vassleidning mellom Eidsvatn og Sjursetvatn, datert 16.03.22.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfoldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Fiskeridirektoratet region Vest meiner at følgjande vilkår må stillast for løyve for å unngå skade, fare eller restriksjonar, i det farvatnet som blir berørt av tiltaket, jf. lov om havner og farvann § 14, tredje ledd og § 16:

- Skadar som måtte bli påført sjøkabel under utøving av fiske medfører ikkje automatisk erstatningsansvar for fiskarar.
- Sjøkabel må ikkje bli hengande oppe i vassjiktet.
- Bukter og område med gruntvatn er viktige for økosystemet langs kysten, mellom anna som oppvekstområde for fisk og skaldyr. Alt arbeid som skal foretas i samband med eit eventuelt løyve må gjennomførast på ein så skånsam måte som mogleg, slik at det omkringliggende miljø i så liten grad som mogleg påverkast.
- Tiltaket bør ikkje gjennomførast i gytperioden til torsk som er i perioden januar til og med april, og det bør det nyttast siltgardin.
- Sjøkabel, med lodd eller andre forankringar, må utformast slik at fiskereiskap ikkje hefter.
- Fiskarlaget må varslast før oppstart av tiltaket for å unngå konflikt med eventuell fiskeriaktivitet i området.

Om søknaden

Norconsult AS søker om å etablere vassleidning mellom Eidsvatnet og Sjursvatnet i Alver kommune. Føremålet med tiltaket er industrivassforsyning til Mongstad. Tiltaket er i strid med kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 – 2023, og Norconsult AS har søkt om dispensasjon frå dei ulike arealføremåla og omsynssonene i planen som tiltaket får følgjer for. Kommunen opplyser at sjøleidningen vil kome inn på eit gytområde.

Vår vurdering

Fiskeridirektoratet region Vest meiner teikningane som er vedlagt søknaden er noko vanskelege å lese. Utifra det vi kan sjå vil leidningen mellom anna gå ut i Lurefjorden og Lindåsosane ved Skornesvegen. Korleis den vil gå herfrå er noko utydeleg.

I verken Eidsvatnet eller Sjursvatnet er det i kartverktøyet vårt [Yggdrasil](#) registrert fiskeriinteresser eller marint biologisk mangfald som tilseier at tiltaket ikkje kan gjennomførast. Men i Lurefjorden er det registrert eit nasjonalt viktig gytefelt for torsk med høg verdikategorisering, eit gytområde for torsk, og eit fiskeområde med passive reiskap. Fiskeområde er mest brukt til fritidsfiske.

I tillegg er Lurefjorden og Lindåsosane eit verna område som er regulert av eigen [verneforskrift](#). Vi kan ikkje sjå at det er søkt om dispensasjon frå § 3 i denne forskriften. Vi føreset at søker avklarar med Statsforvaltar om dette er nødvendig.

Vi ber om at våre forslag til vilkår takast med i eit eventuelt løyve, og at vi får kopi av vedtak i saken.

Det er henta inn slik uttale frå Statsforvaltaren den 31.05.2022:

Vassleidningen skal gå igjennom både myr og landbruksareal i LNF-formål. Tiltaket skal gravast ned og arealet skal tilbakeførast, slik at tiltaket ikkje vil vere synleg etter gjennomføring.

Statsforvaltaren er i utgangspunktet kritisk til tiltak i myr, då myr generelt er viktig for naturmangfaldet og då tiltak i myr kan gje utslepp av klimagassar. Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing har mellom anna som formål å stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging legg også vekt på reduksjon av klimagassutslepp som eit viktig prinsipp i planlegging. Det må då også vurderast og vektleggast i dispensasjoner.

Å grave ned kablar i myr, sjølv om ein legg opp til tilbakeføring på overflaten, vil gje noko karbonutslepp. Gravinga kan også potensielt føre til drenering av myra. Vi viser til NINA sitt temahefte om [karbonlagring i norske økosystemer \(side 23-24\)](#), der det mellom anna står at drenering er den største trusselen for myr i Norge. Det står også at:

«Klimaendringer vil føre til varmere somre og lengre tørkeperioder i noen områder. Det vil gi uttørking av myrområder. Nedbrytingen i myr kan da øke, og dermed slippes det ut karbon. Allikevel vil store mengder karbon forblI lagret i myr hvis de får stå uberørt. I områder med fortsatt høy og jevn tilgang på nedbør, kan produktiviteten og lagring av karbon øke.»

Statsforvaltaren meiner det bør gjerast minst mogleg inngrep i myr. Det er viktig at ein vurderer kva verknad tiltaket kan få for både myra som heilskap, og for klimagassutslepp. Det er også viktig å vurdere om det er alternativ som ikkje, eller i mindre grad, krev inngrep i myr. Der det allereie er gjort nokon mindre inngrep i myr, er terskelen ofte låg for å gjøre ytterlegare inngrep.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering

Det er henta inn slik uttale frå NVE den 03.05.2022:

Vi viser til brev datert 11.05.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå fleire arealplanar for å etablere ny vassleidning mellom Eidsvatn og Sjursetvatn for forsyning av industrivatn til Mongstad

Søknaden de har sendt over no gjeld ein ny parsell av eit større vassforsyningasanlegg til erstatning for eksisterande. Slik vi tolkar sakspapira gjeld søknaden berre den fysiske leidningen, og ikkje endring av vassuttak og regulering av magasin. Eventuell auke i uttak av vatn, og/eller endra regulering av magasin må håndsamast i ein eigen prosess etter vassressurslova.

I følgje søknaden skal vassleidningen gravast ned på strekningen det er søkt om no, mellom Syslokvågen og Sjursetvatn. Leidningen går ut i Sjursetvatn. Vi oppmodar dykk om å sette som vilkår for ein eventuell dispensasjon, at inngrepet skjer skånsamt i høve til kantvegetasjon og vassmiljø. Grøfta bør etablerast slik at den ikkje drenerer ut myrar i området.

Vassleidningen kryssar BKK sin høgspentleidning Mongstad – Seim. Tiltakshavar bør kontakte BKK slik at anleggsarbeidet skjer i forståing med netteigar.

Det er henta inn slik uttale frå Vestland fylkeskommune den 07.06.2022:

Delar av tiltaket vert liggande innanfor byggegrensa til fylkesveg, det må difor søkast om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg og søkast om grave- og framføringsløye.

Vi mottok søknad om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg datert 17.03.22, og gav eit foreløpig svar ut datert 31.03.22. Vi svara at vi venter med behandling av byggegrensesøknaden til grave- og framføringsløye er avklart og blitt gjeve for tiltaket.

Det kom også inn søknad om grave- og framføringsløye for tiltaket, datert 17.03.22. Kartet som er komme inn til oss, og i søknaden til kommunen, viser at delen av traséen som vert liggande svært nære fylkesvegen vert liggande i myr som er noko vi er kritisk til. Det vart gjeve tilbakemelding i brev datert 28.03.22 om at traséen ligg for nære fylkesvegkroppen, og det vart bede om eit nytt val for trasé. Og vi har vidare dialog med Norconsult kor vi ber om ny trasé.

Vestland fylkeskommune ved infrastruktur og veg meiner at tiltaket må flyttast lengre vekk frå vegen enn kva søknaden viser. Alver kommune kan ikkje gje løyve til tiltaket før Vestland fylkeskommune har gjeve grave- og framføringsløye og dispensasjon frå byggegresa.

Vi ber om å få saka tilsendt når ho er ferdig handsama.

Det er henta inn slik uttale frå Alver kommune avd. landbruk den 18.06.2022:

Landbruksavdelinga har ingen merknader til at det vert etablert vassleidning mellom Eidsvatn og Sjursetvatn, då det er viktig å sikra vassforsyning til industrien på Mongstad.

Me ber likevel om at det vert tatt særleg omsyn til jordbruksdrift der anleggsarbeidet går over dyrka mark. Dersom eksisterande grøfter vert gravd over i samband med anleggsarbeid må dei skøyast saman med vassledningsgrøfta.

Etter at anleggsarbeidet er ferdig skal markslag og tilstand til dyrka mark minst vera like god som før. De er ein fordel dersom anleggsarbeidet gjennom dyrka mark kan skje utanom vekstsesongen for eng og beite.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Ansvarleg søker har søkt om fritak frå nabovarsling.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 25.05.2022.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser traseen, profilteikningane viser vassleidningens plassering i høve terrenget.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har ikkje erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen minn om at tiltaket skal prosjekterast og utførast i samsvar med tekniske krav.

Tekniske krav

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styremakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulepper dispensasjonen kan medføre.

Tiltaket går ut på etablering av ein ca. 1,9 km lang vassleidning som hovudsakeleg leggjast på land i området sett av til LNF. Delar av tiltaket er i strid med byggjegrense mot vassdrag og sjø.

Arealføremålet LNF skal verne interessa knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Ein skal unngå uehdig fortetting og omdisponering av areal som anten skal nyttast til landbruksføremål eller som kan nyttas til og har kvalitetar innan natur og friluftsliv.

Omsynet bak byggjegrense mot sjø er å sikre allmenta tilgang til viktige rekreasjonsområde, både på land og sjø. Strandsona er ofte viktige oppvekstmiljø for spesielle plante- og dyreslag, og har i mange tilfelle særlege landskapsmessige verdiar.

Tiltaket utførast ved at vassleidningen gravast ned og aktuelle områder tilbakeførast til opphavleg stand slik at tiltaket ikkje tilsidesett frilufts- eller landskapsinteresser i området. Ettersom det dreiar seg om graving av leidningar vil tiltaket vidare ikkje føre til fortetting eller nemneverdig omdisponering av LNF-areaala.

Videre vurderast tiltaket som samfunnsnyttig da det går ut på å oppgradere viktig infrastruktur knytt til industriparken på Mongstad. Tiltaket har og ein sikkerheitsmessig side ved at det skal sikre brannvasskapasiteten.


Landbruksavdelinga har uttalt at dei har ingen merknader til tiltaket, men ber om at det tas særleg omsyn til jordbruksdrifta der arbeidet vil skje over dyrka mark og at det Kommunen sett det som vilkår for dispensasjonen frå LNF.

Statsforvaltaren er i sin uttale kritisk til tiltak i myr då myr generelt er viktig for naturmangfaldet og då tiltak i myr kan gje utslepp av klimagassar. Statsforvaltaren viser til NINA sitt temahefte om at drenering er den største trusselen mot myr i Norge. I følgje temaheftets side 24 ligger utsleppet frå øydelagt myr på 5,55 Tg Co2-ekvivalenter årleg. Dette skal tilsvara 10% av Noregs totale utslepp i 2013. Det skal vere mogleg å restaurere myr, men dette er tidkrevjande og førebygging er difor meir effektivt en restaurering.

Statsforvaltaren meiner at må vurderast kva verknad tiltaket kan få for både naturmangfaldet og for klimagassutslepp. Alternative trasear som ikkje, eller i mindre grad, krev inngrep i myr. Det vil derimot vere lågare terskel for inngrep i områder der det allereie er

gjort inngrep frå før.

Søkjaren sendte inn nytt situasjonskart med justert trase som vis at strekninga med leidning i myr reduserast med fleire hundre meter.



Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNF og byggjegrense mot sjø og vassdrag er oppfylt.

Arealføremål bruk og vern av vassdrag og sjø m.m.

Det tillatast med naudsynt utlegging av sjøleidningar for vatn i arealføremål Bruk og vern av sjø og vassdrag m.m. jf. KDP pkt. 5.2.

Arealføremål Gyteområde GP

Etter kommunens vurdering gjeld det same i arealføremålet Gyteområde GP då dette er et underføremål til Bruk og vern av sjø og vassdrag mm. jf. pbl. § 11-7 nr.6. Det er derimot krav om at tiltaket ikkje kan hindre gyteseksess jf. KDP 5.19.

Fiskeridirektoratet har bedd om at det settast vilkår for løyve etter plan- og bygningslova. Kommunen kan berre sette vilkår med heimel i plan- og bygningslova eller i føresegna gitt i medhald denne. I dette tilfellet kan kommunen berre sette vilkår som bidrar til å sikre gyteseksess jf. KDP pkt. 5.19 andre setning. Vilkår som tek sikte på å sikre andre interesser, mellom anna fiskeriaktivitet, bør dekkast gjennom løyve etter særlovar eller privatrettslege avtaler.

Omsøkte tiltak vurderast å vere i samsvar med arealføremålet gitt at det utførast i tråd med vilkåra satt i dette vedtaket.

Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, Alver og Austerheim

Fiskeridirektoratet påpeikte at det ikke vert søkt om dispensasjon fra Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, Alver og Austrheim § 3.

Søkjer påpeiker at denne søknaden gjeld strekningen mellom Sjursetvatn og Syslakvågen (tiltak A01) som i all hovudsak gjeld arbeid på land, og vis elles til statsforvaltaren sitt vedtak knytt til sjøarbeidene i Lurefjorden og Lindåsosane (tiltak S01) datert 17.01.2021.

Sikringssone H_190

Tiltaket er en del av omsynet bak sikringssonen – industrevassforsyning.

Bandleggingssone H_740

Det må innhentast samtykke fra eigar av høgspentleidning eller trafostasjon før igangsetjingssløyve kan gis.

Støysone

Dette omsynet er ikkje relevant for tiltaket.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Privatrettslege tilhøve

Det skal innhentast naudsynte samtykkjer fra grunneigarar innan det søker om igangsetjingssløyve.

Nabomerknad

Ansvarleg søker har søkt om fritak frå nabovarsling. Kommunen vurderer at arbeidet i liten grad røyrar interessene til naboar og gjenbuarar og at varsel etter pbl. § 21-3(1) kan unnlatast.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.

- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikke gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikke ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommun vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnehava i løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikke avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikke er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyremakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/2539

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune
Norconsult AS Avd Bergen

Postboks 4 5906
Postboks 1199 5811
Sentrum

FREKHAUG
BERGEN